



Manger Folkehøgskule
Prestbrekka 3
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/850 - 17/8223

Saksbehandlar:
Anne Dahle Austrheim
anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:
23.06.2017

Søknad om leige av Radøyhallen

De har søkt om å leige Radøyhallen tysdagar og fredagar frå kl. 14.00-15.30. Desse tidene er no reservert til dykk og lagt inn i kalenderen til Radøyhallen for skuleåret 2017/18.

De ønskjer og å leige ein kveld kvar veke frå kl. 16.30-18.00. Dette tidspunktet kolliderar med fotballtreninga måndag og onsdag når Radøy Manger fotballklubb flyttar treningane innandørs i perioden november – februar. Torsdagar er det open hall gjennom heile skuleåret og då er det ikkje mogleg for folkehøgskulen å ha treningstid.

Tysdagar er hallen ledig i ønska tidsrom, og me har lagt dykk inn i kalenderen denne dagen.

Dersom de ønskjer å ha halltid måndag eller onsdag i perioden det ikkje er fotballtrening innandørs ber me om at de gjer ei tilbakemelding på dette så legg me det inn i kalenderen.

Ønskjer god sommar og velkomen i Radøyhallen til hausten!

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Manger Folkehøgskule

Prestbrekka 3

5936

MANGER